

Oppdragsgjevar: B45

Oppdragsnr.: 52407835 Dokumentnr.: NOTA_SØK-006

Til: Bømlo kommune
Frå: Ane Marie Gjerland
Stad, dato: Førde / 2026-05-19

Søknad om mindre reguleringsendring traktorveg Sakseidvågen

Norconsult søker på vegne av Vestland fylkeskommune om reguleringsendring etter forenkla prosess, i samsvar med plan- og bygningslova §12-14 andre ledd. Søknaden gjeld mindre endring og justering av plan 4613_201406 Fv 541 Sakseid-Hestaneset i Bømlo kommune.

Utarbeidd notat inneheld grunngjeving for søknad om mindre endring av reguleringsplan.

Av § 12-14 følgjer det at kommunestyret kan delegere mynde til å gjere vedtak om endringar i reguleringsplan når endringane i liten grad påverkar gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovuddrammene i planen, og heller ikkje rører ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde.

Vår vurdering er at søknaden omhandlar ei endring som ikkje går utover hovuddrammene i planen, ei heller rører ved omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Bakgrunnen for endringa er ynskje om ei justering av ein kulvert og ein traktorveg som skal sikre tilkomst til ein overflatedyrka teig ved Sakseidvågen.

Innhald

1	GRUNNLAG	2
	INNLEIING	2
2	NAUDSYNT ENDRING	2
	PLANSTATUS OG VIDARE HANDSAMING	3
	NÆRMARE OM ENDRINGANE I PLANEN	3
3	VURDERING AV VERKNADAR	4
	OVERORDNA VERKNADAR	4
	GRUNNEIGARINTERESSER	4
	TRAFIKALE TILHØVE	4
	JORDBRUK	4
	KULTURMILJØ	4
	FRILUFTSLIV	5
	NATURTYPAR	5
	ANDRE VERKNADAR	5
4	OPPSUMMERING	5


1 Grunnlag

Innleiing

Omsøkt endring er ein del av prosjektet
Hestaneset – Sakseid – Ekornsæter som omfattar
7,5 kilometer ny veg.

Prosjektet vert gjennomført som totalentreprise av B45 på oppdrag for Vestland fylkeskommune. Norconsult (NO) er prosjekterande.

Gjennomføring med totalentreprise fører til at optimalisering og prosjektering av veganlegget skjer rett før eller samtidig med bygginga. Det er difor naturleg at det som del av prosessen kjem fram behov for å gjere endringar som betrar prosjektet eller som tek omsyn til ny kunnskap om terreng og anna.




Figur 1: Oversiktskart. Pila viser kor på fv. 541 tiltaket som er ynskt endra i reguleringsplanen etter forenkla prosess ligg.

2 Naudsynt endring

I gjeldande reguleringsplan for fylkesveg 541 er det regulert traktorveg (SKV15) i kulvert under fv. 541 ca. i profil 815. Vegen er meint å sikre tilkomst til ein overflatedyrka teig i Sakseidvågen.

Som del av gjennomføringa av totalentreprisen er det saman med grunneigar sett på ei alternativ løysing for traktorveg inkl. kulvert under fylkesvegen som i større grad tek i vare natur på staden, samtidig som den resterande borenemorale kystregnskogen som er att etter omlegginga av fv. 541 i større grad vert ivareteke.

Ynskt endring av planen inneber at kulverten inkl. traktorveg, SKV15 vert flytta ca. 30 meter mot sørvest.



Figur 2: Viser gjeldande plan til venstre og framlegg til endring til høgre. Opprinneleg linjeføring for SKV15 i gjeldande plan er vist med svart stipla linje i figuren til høgre.

Oppdragsgjevar: B45

Oppdragsnr.: 52407835 Dokumentnr.: NOTA_SØK-006

I praksis inneber endringa at den delen av traktorvegen som vert liggande som del av detaljreguleringsplanen Fv 541 Sakseid-Hestaneset vert korta ned. Omsynet til framcome og bruken av traktorvegen er søkt ivarteke i samråd med grunneigar.

Endringa legg til grunn at planlagt kulvert som skal ligge under fv. 541 vert flytta frå ein plass på vegfyllinga/-kroppen til fylkesvegen – til ein annan plass. Vi kan ikkje sjå at endringa av plasseringa av kulverten som del av dette vertikalnivået skal få andre konsekvensar enn om same areal hadde blitt brukt til vegfylling under fv. 541.

Vidare er det difor konsekvensen av omlegginga av traktorvegen som primært vert vurdert nærmare.

Planstatus og vidare handsaming

Endringa gjeld plankart 2 og 3 på vertikalnivå 2 (på grunnen), der SKV15 er foreslått flytta og lagt om. Vertikalnivå 1 (under grunnen) følgjer av plankart 2 og viser arealformål køyreveg (SKV30).

Som del av arbeidet med ynskt omlegging av SKV15 og SKV30, har grunneigar søkt om løyve til etablering av traktorvegane som skal koplatt mot detaljreguleringsplanen *Fv 541 Sakseid-Hestaneset*. Som del av søknaden til grunneigar er det òg søkt om dispensasjon grunna at traktorvegen ligg i strandsona mot Sakseidvågen.

Grunneigar har fått dispensasjon og løyve til etablering av traktorvegane som ligg som del av areal avsett til LNF i tilgrensande/overordna plan.

I dialogen mot Bømlo kommune som plan- og bygningsmynde blei det i samband med søknaden om løyve til etablering av traktorvegane gitt tydleg signal om at ynskt flytting av SKV15 inkl. kulvert måtte handsamast som ei mindre endring etter forenkla prosess.

Søknaden er utarbeidd på bakgrunn av denne tilbakemeldinga.

Nærmare om endringane i planen

Endringa som er ynskt utført inneber at linjeføringa på SKV15 på vertikalnivå 2 (på grunnen) vert endra og at vegformålet SKV30 på vertikalnivå 1 (under grunnen) som legg til rette for etablering av kulvert under fv. 541 vert flytta ca. 30 meter sørvestover langs fylkesvegen.

Endringa på vertikalnivå 1 (under grunnen) er synt i figur Figur 3.



Figur 3: Samanstilling av vertikalnivå 1 (under grunnen) i gjeldande plan og framlegg til endring. Ny plassering av SKV30 er vist med grå stipla RP-grense til høgre. Målelinje mellom kulvertplasseringane viser omfanget av ynskt flytting.

3 Vurdering av verknadar

Overordna verknadar

Endringa ligg innafor planområdet og inneber at vegparsellen SKV15 vert justert/tilpassa kulverten som er foreslått flytta ca. 30 meter langs veglinja til fv. 541.

Endringa er vurdert til å vere i tråd med hovudrammene i planen, og vil ikkje ha negative konsekvensar for gjennomføringa tiltaka som planen legg til rette for.

Vi har ikkje avdekkja behov for å gjere endringar i føresengene til planen. I tabellen i føresegnene § 5.1 Køyreveg står det at SKV15 er; «*traktorveg som går i kulvert under fv. 541 i ca. profil 815*». Om det er ynskt kan profilnummeret i tabellen endrast til «*profil 845*». Resten av teksten kan stå som den gjer.

Grunneigarinteresser

Framlegget til endring er gjort i samråd med grunneigar av gbnr. 121/1 i Bømlo kommune, Ståle Sakseide.

Både regulert løysing og framlegg til endring vil sikre grunneigar tilkomst til området som ligg nordvest for ny fv. 541.

Endringa er sikra kopling mot eksisterande veg søraust for ny fv. 541 og landbruksvegen som grunneigaren av gbnr. 121/1 sjølv har søkt om løyve til å etablere i tilknytning til marka på nordvestsida av fylkesvegen.

Endringa er ikkje vurdert til å påverke andre grunneigarar enn Ståle Sakseide og vegeigar/totalentreprenør Vestland Fylkeskommune. Søknaden er utarbeidd på vegne av Vestland Fylkeskommune.

Trafikale tilhøve

Ynskt flytting av kulvert SKV30 og omlegging av traktorveg SKV15 er ikkje vurdert til å påverke trafikken/trafikktryggleiken på/i området.

Løysinga med kulvert som del av fv. 541 og trafikken på fylkesvegen vil vere den same uavhengig av om traktorveg inkl. kulvert vert flytta ca. 30 meter.

Det er ikkje planlagt mjuke samband på strekinga som vert påverka av tiltaket.

Jordbruk


Endringa er i liten grad vurdert til å påverke jordbruket.

Figuren til høgre syner SKV15 i gjeldande plan med raud stipla linje mot arealressurskart AR5. Lilla linje viser ynskt justering av SKV15 og kulvert under fylkesvegen. Store delar av arealet som er gult (overflatedyrka jord) vert liggande som del av vegfyllinga på fv. 541. Dei grøne områda er areal som i AR5 er oppgjeve som skog.

Kulturmiljø

I kulturminnesøk og i framlegg til ny kommuneplan for Bømlo kommune følgjer det informasjon om eit arkeologisk minne frå eldre steinalder rett sør for eksisterande traktorveg (kulturminne-id.: 180559-1).

I framlegg til ny kommuneplan (arealdelen) er minnet lagt inn som omsynssone H730_434, bandlagt etter lov om kulturminne.



Figur 4: Viser gjeldande veglinje SKV15 (raud stipla linje) mot forslag til ny veglinje (lilla stipla linje) i AR5 kart.

Oppdragsgjevar: B45

Oppdragsnr.: 52407835 Dokumentnr.: NOTA_SØK-006

Foreslått endring er ikkje vurder til å ha negativ påverknad på registrert kulturminne og/eller kulturmiljø.

Friluftsliv

Endringa kjem ikkje i konflikt med kartlagde friluftslivsområde i området.

Nærmaste kartlagde friluftslivsområde er «*Kanalane og sjøareal i nærleiken*», FK00040745 som ligg ca. 200 meter i frå SKV15 i luftlinje og «*Kråkeneset*», FK00040759 som ligg i overkant av 500 meter i frå i luftlinje.

Naturtypar

Av Miljødirektoratet sin Naturbase følgjer det informasjon om to registrerte naturtypar i nærleiken av endringa. Den eine registreringa er naturtypen er Regnskog (BN00122096) med middels verdi og den andre lokaliteten er Rik edellauvskog (BN00122095) med noko verdi. Begge naturtypane blei registrert i 2020.

Ynskt plassering av kulverten (som del av søknaden) ligg ca. 5 meter frå edellauvskogen og ca. 30 meter frå regnskogen. I praksis har ikkje plasseringa av kulverten noko å sei for inngrepet i dei to naturtypane, då det er etableringa av fylkesvegen som er avgjerande/styrande for inngrepet som vert gjort. Plasseringa av fylkesvegen er allereie avklara gjennom vedtak av reguleringsplanen.

Andre verknadar

Det er ikkje avdekka at endringa vil påverke landskap, landbruk, nærmiljø, friluftsliv eller naturmiljø utover det som allereie er vurdert i gjeldande reguleringsplan. Dette gjeld òg regionale og nasjonale mål og rammer.

Vi har ikkje funne at helse, miljø, tryggleik eller tilgjengelegheit blir påverka utover det som er vurdert og handtert i gjeldande plan.

4 Oppsummering

Som del av prosjektet «*Fv. 541 Hestaneset – Sakseid – Ekornsæter*» har B45 og Norconsult (NO) vurdert det som formålstenleg å gjere ein endring av plasseringa og utforminga på køyreveg SKV15 (traktorveg) og kulvert SKV30. Endringa inneber at vegen inkl. kulvert er foreslått flytta ca. 30 meter mot sørvest. Vegen og fyllinga vert framleis liggande som del av fyllinga på fv. 541.

Endringa inneber at SKV15 vert korta ned, og at tilslutningspunktet for traktorvegen i nord vert flytta. I sør koplår vegen seg på same veg som vedteken løysing.

Løysinga er utarbeidd i samråd med grunneigarar som har søkt om løyve til å etablere traktorveg i tilknytning til ynskt tilslutningspunkt i nord. Søknaden er handsama av kommunen og løyve til etablering er gitt.

Ei viktig årsak til at grunneigaren ynska å flytte vegen var mellom anna å i større grad ta omsyn til den resterande borenemorale kystregnskogen som vil vere igjen etter at fv. 541 er etablert i området.

Det er ikkje avdekka negative verknadar for landskap, landbruk, nærmiljø, friluftsliv eller naturmiljø utover det som allereie er vurdert i gjeldande reguleringsplan. Det gjeld òg regionale og nasjonale mål og rammer.

Endringa er ikkje vurdert til å påverke helse, miljø, tryggleik eller tilgjenge utover det som er vurdert i planen.

Oppdragsgjevar: B45

Oppdragsnr.: 52407835 Dokumentnr.: NOTA_SØK-006

Revisjon	Dato	Omtale	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
A01	2025-12-19	Disposisjon og innhald.	AnMGj	AKR	AnOHo
J02	2026-05-08	Supplert med informasjon etter høyring.	AnMGj	AnOHo	AnOHo

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.